



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.11.2019	132317/2019	Tor Harald Hustad

Saksnr

Utval
Kontrollutvalet

Møtedato
27.11.2019

Prosjektplan - Selskapsgjennomgang av fylkeskommunen sine eigarskap i bompengeselskap

Bakgrunn

Vegamot AS er eit regionalt bompengeselskapa som er oppretta med grunnlag i Stortinget sitt vedtak om å samle bompengeselskap i 5 regionale selskap. Vedtaket har bakgrunn i at regjeringa i 2015 la fram melding om reformer i vegsektoren, derunder den såkalla bompengereforma. Hovudhensikta med reforma er å forenkle og effektivisere bompengeinnkrevinga, samt å bygge og behalde regional kompetanse i drift av bompengeprojekt.

Gjennom Stortinget sitt vedtak har Vegamot AS fått ansvar for å administrere alle bompengeprojekt i Trøndelag og Møre og Romsdal, derunder innkreving av bompenger.

Møre og Romsdal fylkeskommune gikk inn som eigar i selskapet i 2016 gjennom ein emisjon, og eig 1/3-del av aksjane i selskapet. Trøndelag fylkeskommune eig dei øvrige aksjane i selskapet.

Fylkeskommunen mottok brev datert 25. oktober 2019 frå Samferdselsdepartementet, der eigarane i dei regionale bompengeselskap blir oppmoda til å gjennomføre eksterne selskapsgjennomgang med bompengeselskapa. Bakgrunnen for oppmodinga er fleire uheldige funn i rapport frå selskapsgjennomgang av bompengeselskapet Fjellinjen AS. I tillegg blir det i brevet vist til mediaomtale av ulike forhold i andre bompengeselskap, deriblant Ferde AS.

Hensikta med ein slik selskapsgjennomgang er å undersøke om intensjonen i bompengereforma om ei meir effektiv forvaltning av bompengane.

Vedlagt følger brevet frå Samferdselsdepartementet og mediaartiklar.

- **Vedlegg 1: Brev frå Samferdselsdepartementet**
- **Vedlegg 2: NRK artikkel av 20.08.19**
- **Vedlegg 3: NRK artikkel - Kontrollutvalet granskar bomselskap**
- **Vedlegg 4: Tunnelsyn artikkel av 19.06.19**
- **Vedlegg 5: VG artikkel av 28.10.19 – Sender info til Kina**
- **Vedlegg 6: Finansavisen sin artikkel av 08.10.19**

Med grunnlag i nemnde brev og forhold som kjem fram i media, gjorde fylkesutvalet i Møre og Romsdal i sitt møte 28. oktober 2019, følgjande vedtak:

Oppfølging Til saklista:

- Anders Riise (H) – ønskjer orientering bompengeselskap, jf sak i nasjonale medier om kjøp og habilitet

Framlegg til oversending til kontrollutvalet frå Anders Riise (H):

Fylkesutvalet er uroa over forholda som er avdekt i Ferde AS og andre bompengeselskap, der transaksjoner mellom nærstående og deling av mogleg sensitiv personinformasjon med andre utan tilstrekkeleg lovheimel.

Fylkesutvalet oppmodar difor kontrollutvalet, og gjerne i samarbeid med fylkesrådmann og andre fylkeskommunar, om å gjennomføre ein kontroll med bompengeselskap der Møre og Romsdal fylkeskommune har eigarinteresse. Det er avgjerande at brukarane har tillit til slike selskap som forvaltar store verdier på vegne av fellesskapet.

Fylkesutvalet sluttar seg samrøystes til saka.

Kontrollutvalet har også gjennom vedtaket i fylkesutvalet fått ei oppmoding om å gjennomføre selskapsgjennomgang av Vegamot AS, som er einaste bompengeselskap Møre og Romsdal fylkeskommune har eigarinteresser i.

Kontrollutvalet må derfor ta stilling til om ein slik selskapsgjennomgang skal gjennomførast i tråd med fylkesutvalet si oppmoding, og kva innretning ei selskapsgjennomgang skal ha og gjennomførast på.

Vurdering

Innleiing:

Organisasjonen i Vegamot AS består av 24 medarbeidarar. Av disse er 16 kundebehandlarar som handterer bompengeinnkrevinga. Vegamot AS skal eksempelvis også administrere og førestå bompengeinnkrevinga når det gjeld Nordøyveg-prosjektet.

Hovudoversikt av selskapet sin økonomi går fram av tabellen under.

(Tal i 1000)	2018	2017	2016
Driftsinntekter	1 138 083	953 981	950 840
Driftsresultat	26 486	24 798	4 094
Resultat før skatt	-11 770	-1 281	-37 235
Årsresultat	-11 770	-1 281	-37 235
Sum eigendelar	3 212	2 125	2 764
Eigenkapital	-111 794	-103 174	-101 893

Selskapet har negativ egenkapital. Selskapet sit styre skriv i årsmeldinga til selskapet at den negative egenkapitalen i sin heilhet skuldast tekniske krav i rekneskapsstandrad (IFRS), mellom anna gjennom verdivurderingar av rentesikringsavtalar og avskrivningsprinsipp. Selskapet si underliggende drift gir positiv kontantstrøm og det er ikkje usikkerheit om fortsatt drift.

Om forventningar til kontrollutvalet:

I gjeldande reglementet for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, går det fram at kontrollutvalet på vegne av fylkestinget skal stå føre det løpande tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga.

I reglementets sitt pkt 3.5 «Andre oppgåver» står følgande:

*I tillegg til lovpålagde revisjons-, kontroll og tilsynsoppgåver **kan kontrollutvalet iverksette undersøkingar og granskingar av fylkeskommunal verksemd på eige initiativ (Mi utheving)**, eller etter vedtak i fylkestinget. Kontrollutvalet fastset mandat og omfang, og gjer val om eventuell utførar.*

I reglementet sitt pkt 3.7 Informasjon og rapportering kjem følgande fram:

Som ledd i det førebyggjande arbeidet skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon om arbeidet sitt, både innerter i fylkeskommunen og utetter til allmenta.

*Kontrollutvalet skal legge vekt på å vere løysingsorientert og medverke til dialog og læring i organisasjonen. **Kontrollutvalet skal ha ein aktiv dialog med fylkestinget, og skal fremje aktuelle saker og rapportar til behandling og ta initiativ til å få satt fokus på aktuelle tema (Mi utheving).***

Kontrollutvalet har tidlegare (i 2017) gjennomført ein selskapsgjennomgang av Vegamot AS, utan vesentlege funn. Den undersøkinga retta seg hovudsakeleg mot følgjande område:

1. Kartlegging av selskapsleiing i samsvar med aksjeloven
 - Styreinstruks, instruks daglig leiar, styreevaluering mm
2. Kartlegging av rutinar på økonomiområde for å sikre tilstrekkelig IFRS kompetanse og etterleving, samt hensiktsmessig og forståeleg rapporteringsstruktur
3. Kartlegging av rutinar for finansforvaltninga
 - Instruks, retningslinjer, fullmakter og etterleving
4. Kartlegging av system og retningslinjer med tanke på rentesubsidiering/kryss-subsidiering, samt system for fordeling av felleskostnader.

Funn frå den selskapsgjennomgangen går fram av vedlagte saksframlegg og rapport:

- **Vedlegg 7: Saksframlegg til tidlegare selskapsgjennomgang av Vegamot AS**
- **Vedlegg 8: Rapport frå selskapsgjennomgang**

Vegamot AS forvaltar store verdiar for fellesskapet. Kontantstrømmen i selskapet er svært viktig for eigarfylka, ettersom dei har stilt garantiar for låna knytt til bompengeprojekta. Det kan derfor vere hensiktsmessig å undersøke av kostnadsbruken i selskapet er i samsvar med bompengereforma sin intensjon om effektiv forvaltning, i tillegg til vurdering av om personinformasjon blir tatt i vare i samsvar med personvernreglementet.

Ei slik selskapsgjennomgang vil vere undersøking (ikkje revisjonsarbeid). Kontrollsjefen har likevel vurdert det som hensiktsmessig å be om bistand frå revisor - Møre og Romsdal Revisjon IKS, til å utføre selskapsgjennomgangen. Kontrollsjef har derfor i samarbeid med revisjonen utarbeidd eit utkast til mogleg prosjektplan for «Selskapsgjennomgang av Vegamot AS».

Hovudføremål og problemstillingar:

Føremål og innretninga av selskapsgjennomgangen er utarbeidd i samråd med revisor. Det overordna målet med undersøkinga er å vurdere om kostnadsbruken i selskapet er i samsvar med bompengereforma om effektiv forvaltning, i tillegg til vurdering av om personinformasjon blir tatt i vare i samsvar med personvernreglementet. Hovudfokus er følgjande element:

- Oppfølging av tilrådingar i førre selskapsgjennomgang
- Gjennomgang av reiserekningar
- Gjennomgang av kostnadar til gåver og sosiale samlingar
- Anskaffingar
- Vurdering av kostnadsnivået gjennom analyse av kostnadsutviklinga over tid, derunder utvikling av konsulentbruk
- Rekruttering av tilsette og innleie
- Vurdering av behandling av personopplysningar

Revisor har på grunnlag av dette utarbeidd utkast til prosjektplan. Denne ligg vedlagt:

- **Vedlegg 9: Prosjektplan**

Levering:

Det er lagt opp til behandling av endeleg rapport i kontrollutvalet sitt møte 19. februar 2020, og endeleg behandling i fylkestinget sitt april-ting (20. april 2020). Rapport må derfor leverast kontrollsjefen seinast 9. februar 2020.

Tidsomfang:

Antatt tidsbruk er i størrelsesorden ca 80 timar.

Oppsummering:

Det ligg klare føringar til at ei selskapsgjennomgang bør gjennomførast i lys av:

- Brev til fylkeskommunane frå samferdselsdepartementet
- Reglementet for kontrollutvalet og fylkesutvalet sin oppmodingsvedtak

Etter kontrollsjefen sin oppfatning bør kontrollutvalet derfor vedta å gjennomføre selskapsgjennomgang av Vegamot AS.

For å unngå at begge eigarfylke sett i gang selskapsgjennomgang av Vegamot AS, har kontrollsjefen avklart med sekretariatet for kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune, at selskapsgjennomgangen utføres av Møre og Romsdal Revisjon IKS. Det er dette selskapet som også gjennomførte førre selskapsgjennomgang. Elles har kontrollsjefen også hatt dialog med dagleg leiar i Vegamot AS om selskapsgjennomgangen.

Føremål og innretninga av selskapsgjennomgangen, er etter kontrollsjefen sin oppfatning hensiktsmessig, og i tråd med forventningar som kjem fram i samferdselsdepartementet sitt brev og fylkesutvalet sitt oppmodingsvedtak. Kontrollsjefen har også gjennomgått revisjonsrapporten frå selskapsgjennomgang av Fjellinjen AS, som det også blir vist til i departementet sitt brev til fylkeskommunen. Fokus i utkast til prosjektplan samsvarer godt med problemstillingane i selskapsgjennomgangen av Fjellinjen AS. Kontrollsjefen rår derfor kontrollutvalet til å slutte seg til prosjektplana, slik den ligg føre.

Elles kan det oppstå behov for å justere kurs undervegs i prosjektet. For å sikre tilstrekkeleg framdrift utan unødig opphald for å avklare endringar, er det ønskeleg for kontrollsjefen å ha fullmakt til å kunne gjere mindre endringar i innhald, innretning og gjennomføring av prosjektet, etter avklaring med leiar av kontrollutvalet.

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til den framlagde prosjektplana for «*Selskapsgjennomgang av Vegamot AS*», og ber kontrollsjefen bestille prosjektet hos Møre og Romsdal Revisjon IKS i samsvar med prosjektplana, og slik det er gjort greie for i saksframlegget.
2. Kontrollsjefen får fullmakt til å gjere presiseringar og/eller mindre endringar i innhald og gjennomføring, etter nærare avklaring med leiar av utvalet, med melding tilbake til kontrollutvalet.

Tor Harald Hustad
kontrollsjef

Vedlegg

- 1 Brev frå Samferdselsdepartementet
- 2 NRK artikkel av 20.08.19
- 3 NRK artikkel - Kontrollutval gransker bomselskap
- 4 Tunnelsyn artikkel av 19.06.19
- 5 VG artikkel av 28.10.19 - Sender info til Kina
- 6 Finansavisen artikkel av 08.10.19
- 7 Saksframlegg til tidlegare selskapsgjennomgang av Vegamot AS
- 8 Rapport frå selskapsgjennomgang
- 9 Prosjektplan